



Utval: Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg
Møtestad: Kommunehuset
Dato: 05.11.2008
Tid: 14:00

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
	Saker til handsaming	
PS 63/08	Referat og meldingar	
PS 64/08	Endring av reglar for tildeling av idrettsstipend	
PS 65/08	Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2009	

Fyresdal 30.10.2008

Berit Gulbrandsen
utvalsleiar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 63/08 Referat og meldingar

RS 39/08 Orientering frå administrasjonen

- Orientering ved NAV-leiaren
- Orientering om arbeidet med psykiatriplanen
- Orientering om kvalitetskommuneprosjektet

RS 40/08 Svar på søknad om tilskot 2009 - Kirkens SOS

RS 41/08 Søknad om støtte - Care Norge

RS 42/08 Svar på søknad om ambulerande skjenkeløyve - Dansens Venner



Saksframlegg

Endring av reglar for tildeling av idrettsstipend

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg	64/08	05.11.2008

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg

Dokument i saka:

Reglar for tildeling av idrettsstipend (vedtatt i KOO-utvalet 11.06.07, ligg på heimesida)
Reglar for tildeling av idrettsstipend (forslag til møte i KOO-utvalet 05.11.08)

Bakgrunn for saka:

På møtet i stipendnemnda i mai 2008 diskuterte vi å leggje fram ei endring av reglane for tildeling av idrettsstipendet. Reglane er strenge i høve krav om resultat, noko dei bør fortsetje å vere. Stipendnemnda ynskjer likevel å kunne gje stipendet til eit lag som har jobba godt og grundig over lengre tid, dersom det ikkje er einskildpersonar som har hatt resultat etter krava reglane stiller. Med bakgrunn i dette ynskjer stipendnemnda eit tillegg til noverande punkt 3, slik at ein kan gje stipendet til eit lag som stimuleringstiltak.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2008 -2011 i sektor for kultur og oppvekst: rørsle, ernæring og kultur er sentralt.

Reglane for idrettsstipendet heng høgt med krav om gode resultat i nasjonale og internasjonale konkurransar. Høge krav bør det fortsetje å vere. Det å dele ut stipendet som eit stimuleringstiltak for eit lag kan medføre at stipendet vert fordelt på fleire idrettar. I dei siste 10 åra har idrettsstipendet stort sett blitt delt ut til einskildpersonar innan skiskyting. Mange lag i Fyresdal jobbar målretta og grundig for å betre nivået innan sin idrett. Stipendnemnda ynskjer i desse tilfella å kunne gje stipendet som eit stimuleringstiltak, dersom det ikkje er einskildpersonar som fyller krava til fordeling. Fyresdal kommune ynskjer å fortsetje med å dele ut stipendet.

Konklusjon:

Tilleggspunkt til punkt 3 i reglane for tildeling av idrettsstipendet:

3.1: Stipendet kan og gjevast til eit lag som stimuleringstiltak, på grunn av framifrå arbeid eller god vekst.

Innstilling frå rådmannen:

Tilleggspunkt til punkt 3 i reglane for tildeling av idrettsstipendet:

3.1: Stipendet kan og gjevast til eit lag som stimuleringstiltak, på grunn av framifrå arbeid eller god vekst.

Ketil O. Kiland	
Rådmann	Sarke Veum
	avdelingsleiar/rektor i kulturskulen



Saksframlegg

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2009

Utval	Utvallssak	Møtedato
Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg	65/08	05.11.2008
Eldreråd		27.11.2007
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		
Kommunestyret		27.11.2008

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv i Fyresdal kommune 2006-2009.

Vedlegg:

Handlingsprogram 2009-2012

Bakgrunn for saka:

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv vart revidert hausten 2005, og skal berre rullerast i år. Full revidering av planen kjem hausten 2009. Rullering av planen vil seie at handlingsprogrammet skal justerast, ein gjer ingenting med tekstdelen i 2008. Dersom ein skal søkje om spelemidlar til eit anlegg er det krav om at anlegget er med i handlingsprogrammet i ein vedteken plan for idrett og friluftsliv.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2008 -2011 i sektor for kultur og oppvekst: Rørsle, ernæring og kultur er sentralt.

Det har vore liten aktivitet på anleggssida dette året, men det er i gang ein del prosessar rundt nye søknadar. Kvart år har Fylkeskommunen eit møte med kommunane om satsingsområder, og dei fylgjer opp i høve å hjelpe til med søknadar. Fyresdal kommune har for tida løpande kontakt med både Fylkeskommunen og lag i Fyresdal som har ynskjer om anlegg.

Fyresdal skyttarlag har oppgradert banen og fått delutbetaling av spelemidlar. Siste fullføring av banen er avhengig av ein søknad som skal handsamast i høve budsjett 2009. Med innvilging av denne summen, vert anlegget ferdigstilt primo 2009.

Uteområdet rundt Gimle ser ein på i samanheng med oppgraderinga av Gimle skule. Dette gjeld særskild omlegging av trafikken i området. Her er det avsett midlar i økonomiplanen, og prosjektet er i gang på planstadiet. Sjølv oppstarten av omlegginga, startar truleg i 2009.

Skiskyttarlaget er ferdige med baneanlegget sitt og sa tidlegare frå seg midlar til garderobeanlegg. I fjor kom løyvinga om dusjanlegg på Veum inn att i kommunestyret si handsaming i desember. Skiskyttarlaget ynskjer å kjøpe ein brakkerigg og byggje dette om til klubbhus med møterom, rennkontor, garderobeanlegg og speaker-bu. Dette vert truleg plassert i nærleiken av standplass. Fyresdal kommune er positiv til tiltaket og ynskjer å jobbe vidare med dette prosjektet.

Biblioteket er godt i gang med planlegging av utbygging, og i høve dette satsar vi på byggestart tidleg vår 2009.

I høve samfunnshuset er det sett av midlar på investeringsplanen til Fyresdal kommune. I dette høvet er det truleg at ein kan få midlar frå Fylkeskommunen til lokale kulturbygg. Vi satsar på byggjstart i dette prosjektet i 2010, med ferdigstilling i 2011.

Fyresdal kommune er i dialog med rc-klubb og snoskuterklubb om utvikling av eit motorsportanlegg i nordenden av flyplassen. Vi har hatt fleire synfaringar og har brukt AT-plan for å lage ei skisse på anlegget. Prosjektet er avhengig av vidare oppfølging av brukargruppene. Det er no snakk om å lage eit klubbhus som husar snoskuter, rc, røde kors og motorklubb, i tillegg til at det planleggast ein rc-bane nord for huset, og snoskuterbanen vert flytta mot sør-aust. I tillegg skal det lagast veg og parkeringsareal. Vi håpar at anlegget vert starta på i 2009, men flyttar kommunens innsats til 2010.

Det er tidlegare sett av midlar til kunstgrasbane og friidrettsanlegg. Dette ynskjer vi å samkøyre med eit prosjekt som skal takast inn i planen når den vert revidert i 2009. I dette ligg ynskjer om samlokalisering av idretten i Fyresdal. Kommunen jobbar saman i ei gruppe der ynskjet er i byggje ein hall med eit treningssenter og garderobeanlegg tilknytt hallen. Dette idrettshuset bør vere lokalisert i området rundt Gimle skule, i nær tilknytning til fotballbane og –binge. I planen for samlokalisering av idretten ynskjer ein å samle ballaktivitetar, spinning, styrke, aerobic, skyting, i tillegg til eit forsamlingsareal. Storleik og sum på dette prosjektet kjem til å kome fram i høve revideringa av planen i 2009.

I høve museumsbygg har ein ikkje fått nye innspel på plassering eller prosessen framover, så dette prosjektet vert skuva to år ut i tid.

Konklusjon:

Vi er i gang med fleire prosjekt på ein positiv måte, og det er gode prosessar i sving. Nokon prosjekt er skuva ut litt i tid. For 2009 kjem dette planarbeidet til å handle om biblioteket, uteområdet rundt Gimle, motorsportanlegg og planlegging av samlokalisering av idretten og samfunnshuset. I tillegg kjem arbeidet med full revidering av planen.

Innstilling frå rådmannen:

Handlingsprogram for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2009 vert vedtatt slik det ligg føre.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Sarke Veum
	avdelingsleiar/reaktor i kulturskulen

Handlingsprogram - plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv - 2009-2012

		Anleggstart - finansiering																
Anlegg, tilrettelegging	Stad	1000 kr	2009			2010			2011			2012						
			K	Sp.M	PR	K	Sp.M	PR	K	Sp.M	PR	K	Sp.M	PR				
1	Skyttaranelegg	84	84															
2	Uteområde rundt Gimle	2000	1500	500														
3	Klubblokale, skiskytter	500	100	165	235													
4	Bibliotek	3000	3000															
5	Samfunnshus	4000				3000				1000								
6	Motorsportanlegg	2100		700	700													
7	Samlokalisering idrett	600				100	200	100	100	100	100							
8	Museumsbygg	12000				1000		2000	2000	4000	1000						2000	
		24284	4684	1365	935	4800	200	2100	3100	100	4000	1000					0	2000